



**HØGSKULEN I VOLDA**

Volda University College

## Nyhendebrev nr. 4, 27. januar 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).


[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



### Det lysnar: Svelene er snart tilbake!

Kantina i Berte Kanutte-huset har ei «mjuk opning» denne veka med ope torsdag 27. januar og fredag 28. januar klokka 10-14. Frå og med måndag 31. januar held kantina ope kl. 9-15. Samskipnaden vil sjå an kor mykje folk som kjem i tida framover, og vil gå tilbake til normale opningstider når det er nok kundar.

[LES MEIR](#)



### Fjordkonferansen: Frist for abstrakt 1.3.

Fjordkonferansen 2022 blir arrangert på Hotel Alexandria i Loen 16.-17. juni, og arrangør er NTNU i Ålesund. Det overordna tema for konferansen er Nyskaping. På programmet står blant anna utdeling av Sparebanken Møres forskarpris for beste artikkel i Fjordantologien 2021. Frist for å sende inn abstrakt til konferansen er 1. mars 2022.

[LES MEIR](#)

## Studium og studentliv:

## Menyen i kantina neste veke

Måndag: Vegetarlasagne med salat og brød. Soppsuppe.

Tysdag: Dampa laks med urtesaus, agurksalat og gulrot. Tomatsuppe med kvitløk.

Onsdag: Nakkekotelettar med brun saus, surkål og gulrot. Spinatsuppe.

Torsdag: Potetball med tilbehør. Potetsuppe med purreløk.

Fredag: Tacobuffet

Alle middagar kostar kr 14,90 pr. hg. Supper kostar kr 35,-

## Velferdsmidlar

Det er søknadsfrist på Velferdsmidlar, for alle lag og organisasjonar tilknytt høgskulen. Fristen er 1. februar. [Les meir på nettsidene til studentsamskipnaden.](#)

## Studentbarnehagen treng tilkallingsvikar

Studentsamskipnaden treng tilkallingsvikarar i Røysmarka studentbarnehage. [Les meir på nettsidene til studentsamskipnaden.](#)

## Internasjonale studentar vart møtt av vafler - og NRK

Måndag 24. januar fekk dei nye innreisande internasjonale studentane møte høgskulen og kvarandre over vafler i Berte Kanutte-huset. [Og NRK Møre og Romsdal \(radio\) møtte også opp og fekk ein prat med dei nye studentane.](#)

# Styre og stell:

## Ny timeplan for februar

Etter at det vart bestemt at vi skal ha meir fysisk undervisning frå 1. februar var det nødvendig å lage nye timeplanar. No er timeplanen ut februar klar og den finn du [på denne nettsida](#). Her er eit oversyn over [kapasiteten på møte- og undervisningsrom](#).

## Opne dører på Høgskulen

Frå måndag 31. januar blir ytterdørene på Høgskulen i Volda igjen opne til vanlege tider som er mellom 7.30 og 16.30. På kveldstid frå 16.30 -24.00 må du vise kort for å kome inn på i husa på høgskuleområdet. Om natta (24.00-07.30) krevst kort og pinkode. Dette gjeld alle ytterdører.

# Fag og forskning

## 11 millionar å hente frå Regionalt Forskingsfond for Møre og Romsdal

Regionalt Forskingsfond for Møre og Romsdal har tilgjengeleg midlar som forskarar ved Høgskulen i Volda kan søke på. Den største ordninga er kalla [Kvalifiseringsprosjekt](#) som har som formål å "Styrke forsknings og innovasjonsevnen til næringsliv og kommunal sektor i Møre og Romsdal, og bygge relevant kunnskap hos FoU-miljøa". Søknadsfristen er løpande og det er 10,5 mill tilgjengeleg. Ei anna ordning under RFF er kalla [KSP \(Kompetanse- og samarbeidsprosjekt\)](#) og her er det tilgjengeleg kr 750.000 og det er også løpande søknadsfrist. [Seniorrådgivar Bjørn Tafjord](#), ASH, kan svare på spørsmål om ordningane.

## Midlar til statlege digitaliseringsprosjekt: Søknadsfrist 21. mars

I statsbudsjettet er det sett av 191 millionar kroner til medfinansiering av nye digitaliseringsprosjekt i staten. Digitaliseringsdirektoratet forvaltar midlane og det er statlege verksemdar som skal stå som søker sjølv om samarbeidspartar frå kommunar, frivillig sektor eller privat sektor også er med i prosjektet. [Les meir på nettsidene til Digitaliseringsdirektoratet.](#)

## Såkorntidlar: Søknadsfrist 1. februar

Forskingssjef Henriette Hafsaas har på vegne av Forskingsutvalet [lyst ut kr 900.000 i Såkorntidlar for 2022, og søknadsfristen er 1. februar](#). Søknader som tek mål av seg til å utvikle søknader til Forskingsrådet eller Horisont Europa (EU-forskning) vert prioriterte.



### **Send gjerne tips!**

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

### **Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid**

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

### **Dyb Linge og Hasle i "Journal of Multidisciplinary Healthcare"**

[Stipendiat Anita Dyb Linge](#) og [førsteamanuensis Bente Hasle](#), begge ASH, er to av medforfattarane på ein artikkel utgitt i tidsskriftet Journal of Multidisciplinary Healthcare. Artikkelen har tittelen: ["Bandura's Self-Efficacy Model Used to Explore Participants' Experiences of Health, Lifestyle, and Work After Attending a Vocational Rehabilitation Program with Lifestyle Intervention – A Focus Group Study"](#). Dei to andre medforfattarane er Stål Kapstø Bjørkly (HiMolde) og Chris Jensen (NTNU).

### **Gamlem og Vattøy i dansk antologi om tilbakemelding i lærarutdanninga**

[Professor Siv Måseidvåg Gamlem](#) og førsteamanuensis [Kim-Daniel Vattøy](#), begge AHL, har publisert artikkelen "Feedbackkultur - studerendes motivasjon for læring i en videregående utdanning" i antologien [Feedback i pedagoguddannelsen](#). Antologien er redigert av Kirsten Hyldahl og Preben Olund Kirkegaard og er gitt av forlaget Dafolo.

### **Gamlem har gitt ut fagbok i ny utgåve**

[Professor Siv Måseidvåg Gamlem](#), AHL, har i 2022 gitt ut ei revidert utgåve av boka [Tilbakemelding og vurdering for læring](#) (Gyldendal Akademisk). Boka vart først gitt ut i 2015.

### **Nedregotten Sørbø bidreg i bok utgitt på Routledge**

[Professor Marie Nedregotten Sørbø](#), AHL, har skrive eit kapittel i boka Hannah More in Context som nett kom ut på Routledge. Kapitlet heiter: ["Bluestocking and Preacher: The Bifurcated Reception of Hannah More in Scandinavia"](#). Forfattern og læraren Hannah More levde for to hundreår sidan, og kapitlet handlar om korleis ho er blitt lest og forstått i Noreg og nabolanda.

### **Mange HVO-bidrag i lærebok om å skrive bacheloroppgåve**

Heile fem HVO-tilsette har bidrege i boka ["En smak av forskning. Bacheloroppgaven som prosjekt, prosess og produkt"](#) (Cappelen Damm Akademisk). Boka er redigert av tre forskarar ved NTNU (Ingvill Stuvøy, Gunhild Tøndel og Aksel Tjora) - og inneheld 26 kapittel om ulike sider ved det å skrive bacheloroppgåver - også om karaktergjeving.

Her er bidraga frå tilsette ved Høgskulen i Volda:

[Professor Roar Stokken](#) og [høgskulelektor Ellen Andenes](#) (begge ASH): "Verkemiddel i akademisk skriving".

[Professor Roar Stokken](#) og [professor Finn Ove Båtevik](#) (begge ASH): "Den gode innleiinga. Å invitere lesaren inn".

[Professor Roar Stokken](#) og [spesialbibliotekar Ragnhild Halsen](#): "Kjelder i teksten. Å referere rett og sannferdig".

Professor Aksel Tjora, [professor Roar Stokken](#) og [professor Bjarte Folkestad](#): "En avslutning med sus, trøkk og schwung".

Boka er også [tilgjengeleg på Akademika bokhandel ved Høgskulen i Volda](#).



**Oddvar Aalde**  
STIPENDIAT  
Stipendiat  
[Send e-post](#)



**Niklas Vartdal Aam**  
DRIFTSTEKNIKAR  
Eigedom  
[Send e-post](#)



**Anders Aanes**  
HØGSKULEKTOR  
Institutt for språk og litteratur  
[Send e-post](#)



**Terje Inge Aarset**  
PROFESSOR  
Institutt for språk og litteratur  
[Send e-post](#)



**Ellen Synnøve Aarseth**  
HØGSKULEKTOR  
Institutt for sosialfag  
[Send e-post](#)



**Marit Holstad Aarsæther**  
RÅDGJEVAR  
Studieadministrasjonen  
[Send e-post](#)



**Hanne Aasebø**  
RÅDGJEVAR  
Personal- og dokumentforvaltning  
[Send e-post](#)



**Borghild Otelie Aasebøstøl**  
HØGSKULEKTOR  
Drama og teater  
[Send e-post](#)



**Bente Mari Afset**  
FØRSTELEKTOR  
Institutt for religion, livssyn og kyrkjefag  
[Send e-post](#)



**Tone Kristin Aker**  
RÅDGJEVAR  
Administrasjon  
[Send e-post](#)



**Marit Aklestad**  
ORGANISASJONSKONSULENT  
Studieadministrasjonen  
[Send e-post](#)



**Lea Kristin Albertsen**  
Kommunikasjon  
[Send e-post](#)

## Ledige stillingar:

[Ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

### Rådgivar i digital læring - søknadsfrist 27. januar 2022

Høgskulen i Volda har ledig ei heil fast stilling som rådgivar innan digital læring, med særleg ansvar for utvikling og drift av Læringsverkstaden. Læringsverkstaden er støttetjeneste og læringsressurs for digital utvikling og studiekvalitet ved HVO, og støttar fagtilsette og studentar i å vidareutvikle profesjonsfagleg digital kompetanse, studentaktive arbeids- og vurderingsformer, digital didaktikk og arbeidslivsrelevans med bruk av digitale ressursar. Læringsverkstaden tilbyr digitale og fysiske kurs og opplæring knytt til fagspesifikke ressursar og fellessystem ved HVO. Stillinga er plassert i Fellesadministrasjonen. Stillinga er knytt til IT og har IT-sjef som næraste overordna. [Les meir om stillinga og send søknad på nettsidene våre.](#)

### IT-teknikar - søknadsfrist 27. januar 2022

Ved Høgskulen i Volda er det ledig fast 100% stilling som IT-teknikar frå 1.3.2022. Arbeidsoppgåver vil omfatte brukar- og driftstøtte til studentar og tilsette. Høgskulen i Volda brukar m.a. Windows 2012/2016/2019 servere, Microsoft 365, Teams, VMware og Linux servere. På nettverk og trådløst bruker vi Cisco. Stillinga er knytt til IT i Fellesadministrasjonen, som har ansvar for drift av høgskulen

sine sentrale IT-løysningar. IT-sjef er næraste overordna. [Les meir om stillinga og send søknad på nettsidene våre](#)

### **Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i digital kompetanse med fokus på programmering - søknadsfrist 27. januar 2022**

Stillinga er knytt til Institutt for digital kompetanse der 7 tilsette mellom anna underviser i nettstudium i digital kompetanse, i grunnskulelærerutdanninga samt har stor aktivitet knytt til desentralisert kompetanseutvikling i regionen(DEKOMP/REKOMP). Instituttet får også etterutdanningsoppdrag og vi forskar på og driv interne høgskulepedagogiske tilbod knytt til digital kompetanse. [Les meir om stillinga og send søknad på nettsidene våre.](#)

### **Ledig stilling som foto/video-lærer - søknadsfrist 31. januar 2022**

Avdeling for mediefag skal tilsette i ledig stilling som foto/video-lærer. Det kan vere aktuelt å tilsette i førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor-stilling og starttidspunkt vert etter avtale. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

### **Ledig stilling på medieproduksjon - søknadsfrist 31. januar 2022**

Avdeling for mediefag skal tilsette i ledig stilling på medieproduksjon. Det kan vere aktuelt å tilsette i førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor-stilling og starttidspunkt vert etter avtale. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

### **Ledig stilling som professor/dosent/førsteamanuensis/førstelektor i leiing - søknadsfrist 1. februar 2022**

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for samfunnsfag og historie, er det ledig fast stilling som professor/dosent/førsteamanuensis/førstelektor i leiing, med planlagt tilsetjing frå 1. august 2022. Stillinga er ved Institutt for planlegging, administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS), og primært ved programma Bachelor i planlegging og administrasjon og Master i samfunnsplanlegging og leiing. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)





## Kultur



## Idrett

Idrett, musikk, teater m.v. i Volda og Ørsta. Kampar til VSI (Volda Studentidrettslag), handball og volleyball.

Dei fleste arrangement tidleg i 2022 vil på ein eller anna måte verte råka av koronarestriksjonar.

Kinoprogrammet: [Volda filmteater](#) | [Ørsta kino](#) | [Hjørundfjord filmteater](#) (filmklubb)  
Arrangement på [Tikkio Volda](#) | [Tikkio Ørsta](#) | [Ticketmaster Volda](#) | [Ticketmaster Ørsta](#)

Idrett, musikk, teater m.v. i Volda og Ørsta. Kampar til VSI (Volda Studentidrettslag), handball og volleyball.

Dei fleste arrangement tidleg i 2022 vil på ein eller anna måte verte råka av koronarestriksjonar.

Kinoprogrammet: [Volda filmteater](#) | [Ørsta kino](#) | [Hjørundfjord filmteater](#) (filmklubb)  
Arrangement på [Tikkio Volda](#) | [Tikkio Ørsta](#) | [Ticketmaster Volda](#) | [Ticketmaster Ørsta](#)

27.01.2022: [Hekle, strikk & drikk](#), Rokken

29.01.2022: Volleyball, kvinner: [KFUM Volda - NTNU](#), VCA

29.01.2022: Handball, menn: ~~Ørsta - Sverresborg2~~, Ørstahallen

30.01.2022: Volleyball, kvinner: [KFUM Volda - Tromsø](#), VCA

03.02.2022: [Steinar Raknes & The Stillhouse Band](#), Ørsta kulturhus

05.02.2022: Handball, menn: [Volda studentidrettslag \(VSI\) - Ørsta2](#), Volda Campus Sparebank1 Arena

06.02.2022: Handball, kvinner: [Volda - Randesund](#), VCA

06.02.2022: Handball, menn: [Ørsta - NTNU](#), Ørstahallen

08.02.2022: [Ragnar Liaskar-Kviss](#), Tredet

11.-26.02.2022: [Studentveka](#), Rokken

12.02.2022: Handball, menn: [Ørsta - Kristiansund](#), Ørstahallen

12.-15.02.2022: [VEKA: Studentrevyen](#), Rokken

16.02.2022: [Snøkvit, familiemusikal](#), Ørsta kulturhus

17.02.2022: [VEKA: brenn.](#), Rokken



18.02.2022: [VEKA: Standup med Henrik Fladseth](#), Rokken  
22.02.2022: [VEKA: Vekavision](#), Rokken  
23.02.2022: VEKA: Vekakviss, Rokken  
24.02.2022: [VEKA: Staysman](#), Rokken  
25.02.2022: [VEKA: Fieh](#), Rokken  
26.02.2022: Handball, kvinner: [Volda - Nordstrand](#), VCA  
27.02.2022: Volleyball, kvinner: [KFUM Volda - Oslo](#), VCA  
05.03.2022: Handball, menn: [Volda studentidrettslag \(VSI\)-Stranda](#), Ørstahallen  
06.03.2022: Volleyball, menn: [VSI - Sunnfjord](#), VCA  
06.03.2022: Volleyball, menn: [VSI - Førde](#), VCA  
09.03.2022: [Riksteateret: Trine Rein femti, Feit \(og enda meir\) Bitter](#), Ørsta kulturhus  
11.03.2022: Disputas, [Kristine Vaadal](#), HVO  
12.03.2022: [Bryggarmeisterskap](#), Ørsta kulturhus  
13.03.2022: [Riksteateret: Hedda Gabler](#), Ørsta kulturhus  
16.03.2022: Handball, kvinner: [Volda - Fjellhammer](#), VCA  
17.03.2022: [Adam Douglas](#), Ørsta kulturhus  
19.03.2022: Handball, menn: [Ørsta - Orkanger](#), Ørstahallen  
24.03.2022: [Skambankt // Ti for alt -2022](#), Rokken  
25.03.2022: [Peppa pig live!](#), Ørsta kulturhus  
27.03.2022: Volleyball, menn: [VSI - Breimsbygda](#), Honndalshallen  
27.03.2022: Volleyball, menn: [VSI - Studentspretten](#), Honndalshallen  
31.03.-03.04.2022: [X2-festivalen](#), Volda/Ørsta  
01.-03.04.2022: [NM Volleyball, U15](#), VCA  
15.04.2021: [Pastor Rex](#), Fugl Føniks  
03.05.2021: [Jo mere vi er sammen \(Teateret Vårt\)](#), Ørsta kulturhus  
20.05.2022: [Rotlaus](#), Rokken  
09.-12.6.2022: Dei nynorske festspela  
09.09.2022: [Honningbarna](#), Rokken  
10.10.2022: [The magic of Alexx Alexander](#), Ørsta kulturhus  
13.10.2022: [Astrid S](#), Rokken  
23.10.2022: [Tvillingene \(Teateret Vårt\)](#), Ørsta kulturhus  
09.11.2022: [Puls \(Teateret vårt\)](#), Ørsta kulturhus

## Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Fleire av dei aktuelle møta og arrangementa kan bli formidla via video.

### Vårsemesteret 2022:

2.2.2022: Allmøte om ny ph.d., Store BK (kl 13.30-16.00) (Videomøte)  
9.2.2022: [Internasjonal dag](#), Berte Kanutte-huset (digitalt arrangement)  
10.-11.2.2022: Strategiseminar: Handlingsplan - rektors leiargruppe ("Dekanmøtet")  
16.2.2022: [Utdanningsutvalet](#)

17.2.2022: [Forskingsutvalet](#)  
17.2.2022: HMS-dag  
3.3.2022: [Høgskulestyret](#)  
17.-18.3.2022: Studietur for rektors leiargruppe ("Dekanmøtet") Besøk hos UiB og HVL  
24.-25.3.2022: Avd.seminar ASH  
31.3.-1.4.2022: [Jubileumsmarkering: Sosialfag 50 år](#)  
19.-20.4.2022: Personalseminar AKF  
20.4.2022: [Utdanningsutvalet](#)  
21.4.2022: [Forskingsutvalet](#)  
22.4.2022: [50-års jubileum for Avdeling for mediefag](#)  
25.4.-1.5.2022: [The Northwest](#), Ålesund  
4.-8.5.2022: [European Conference on Science and Theology \(ECST XIX\)](#) (Ålesund)  
5.5.2022: [Høgskulestyret](#)  
17.5.2022: 17.mai-feiring. Faneberar: AKF  
1.6.2022: [Utdanningsutvalet](#)  
2.6.2022: [Forskingsutvalet](#)  
2.-3.6.2022: Avdelingsseminar AMF  
16.-17.6.2022: [Fjordkonferansen 2022](#), Loen  
16.6.2022: [Høgskulestyret](#)  
17.6.2022: Sommaravslutning AMF  
20.6.2022: Sommaravslutning ASH

## Faste lenker:

### LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

### REKTORBLOGGEN

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

### HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-bloggar](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

## STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

# Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)